

Årsrapport 2015

Språkrådet

Del I: Leiars melding

Språkrådet har i 2015 lagt ned stor innsats i form av ei rekke tiltak som skal støtta opp om dei prioriterte språkpolitiske måla i året som gjekk. Vi er svært nøgde med at språksamlingane ved Universitetet i Oslo – som har mykje å seia for fleire sentrale delar av verksemda vår – nå har fått ei institusjonalisert og trygg plassering ved Universitetet i Bergen. Arbeidet Språkrådet har gjort på dette feltet, har lagt viktige føringar for det vi trur blir ei god langsiglig løysing på ei viktig infrastruktursak.

I 2015 har organisasjonen mellom anna prioritert arbeid med norsk språk i skulen. Språkrådet har som arbeidsoppgåve å styrkja norsk språk og fremja dette som eit samfunnsberande kultur- og brukspråk. Eit viktig verkemiddel er at norskopplæringa i skulen har eit omfang og ei innretning som gjer at både kulturdelen og ferdigheitsdelen av faget blir prioritert. Språkdagen 2015 tematiserte desse problemstillingane, og vidare arbeid med utvikling av norskfaget i skulen vil stå på planen også i 2016.

Språkrådet fører tilsyn med korleis offentlege organ følgjer *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Lova slår fast at nynorsk og bokmål er jamstilte målformer i offentleg forvalting. Statistikken for 2015 viser som tidlegare år at dei fleste statsorgan nyttar bokmål på stader der dei har plikt til å nytta nynorsk. Dette gjeld òg departementa. Språkrådet ser i 2015 likevel teikn til ei viss betring, og vi trur denne har samanheng med at vi i året som gjekk, har prioritert dialog og rådgjeving overfor statsorgan som er underlagde mållova. Vi nyttar samstundes høvet til å oppmoda regjeringa og departementa om å vera gode førebilete når det gjeld jamstilling av dei to norske skriftspråka, fordi vi meiner dette vil ha positiv innverknad på andre statsorgan.

Språkrådet har i 2015 starta opp eit parallellspråkprosjekt i universitets- og høgskolesektoren. For å sikra god balanse mellom bruk av engelsk og norsk skal Språkrådet saman med Noregs handelshøgskole utvikla ein mønsterpraksismodell for parallel bruk av norsk og engelsk. Språkrådet har òg i 2015 fått gjennomført ei undersøking av bruk av engelsk i norske verksemder for å auka kunnskapen om tilhøvet mellom norsk, engelsk og andre språk i næringslivet. Desse to tiltaka gjev oss god kunnskap om og gode reiskapar til å arbeida endå betre og meir målretta med på felta høgare utdanning og arbeids- og næringsliv.

Språkrådets publikumstenester er stadig meir i bruk, jf. tabellane på s. 5 og 6 i denne rapporten. I 2015 gav vi ut boka *Hvorfor snur man på flisa? Folk spør – Språkrådet svarer*. Boka inneheld svar Språkrådets rådgjevingsteneste har gjeve på ei rekke språkspørsmål frå publikum. Publikasjonen har fått stor merksemd, og vi registrerer med glede den store interessa det er for språkspørsmål i det norske samfunnet. Interessa kjem òg til uttrykk gjennom stadig vekst i bruken av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Desse ordbøkene dei viktigaste kanalane våre for å formidla den fullstendige norma til dei to norske skriftspråka, og dei er mykje brukte offentlege publikumsressursar. For oss er det høgt prioritert at desse viktige kunnskapsressursane om norsk språk er tilgjengelege og har høg fagleg tillit.

Årsrapporten for 2015 viser at Språkrådet har oppnådd mange gode resultat gjennom det som har vore eit utfordrande år for organisasjonen. I januar 2015 blei Roy Kristiansen konstituert som direktør i Språkrådet, og han har gjennom året lagt ned eit stort arbeid i å kvalitetssikra og laga gode rutinar for den interne styringa og dei interne kontrollrutinane i Språkrådet, som Riksrevisjonen og Kulturdepartementet peika på i 2014. Kristiansen skal ha varmt takk for det omfattande arbeidet han har lagt ned for organisasjonen i perioden han fungerte som direktør. Vedlikehald og utvikling av Språkrådets organisasjon og god styring av Språkrådet som verksemd er kontinuerlege oppgåver som

òg i tida framover må få naudsynt prioritet til å sikra at Språkrådet er ei god, effektiv og målretta verksemd for samfunnet, og at verksemda samtidig er ein utviklande og god arbeidsplass.

Språkrådet skal i år rapportera særskilt på tidstjuvar knytte til vårt verksemdsfelt, som eit ledd i tidstjuvprosjektet. Årsrapporten inneheld difor eit eige avsnitt om dette (sjå s. 19).

Oslo 3.5.16



Åse Wetås
direktør

Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Verksemda og samfunnsoppdraget

Namn, departementstilhørsle og tilknytingsform

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagd Kulturdepartementet. Språkrådet har eige styre.

Myndigkeit og ansvarsområde

Språkrådet følgjer opp språkpolitiske mål og strategiar som er fastsette av regjeringa og Stortinget. Vedtekten regulerer at Språkrådet kan uttala seg og gje råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener dei vedtekne språkpolitiske måla. Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre statlege organ eller verksemder legg fram for rådet. Språkrådet representerer Noreg i nordisk og internasjonalt språksammarbeid. Språkrådet har fullmakt til å gjera bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk i einskildsaker. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjening. Etter opplæringslova godkjenner Språkrådet ordlistar og ordbøker til skulebruk. Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan. Språkrådet administrerer dei regionale stadnamntenestene og forvaltar ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn.

Overordna mål

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrkja norsk som fullverdig hovedspråk og sikra det norskspråklege og fleirspråklege mangfaldet.

I tildelingsbrevet for 2015 slo Kulturdepartementet fast tre hovudmål for Språkrådet. Hovudmåla er å arbeida for

- 1 å styrkja norsk språks status og bruk i heile samfunnet
- 2 å fremja norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk
- 3 å sikra det språklege mangfaldet og språkbrukarane sine interesser

Samarbeid med andre

Språkrådet samarbeider med både offentlege og private verksemder i Noreg. Språkrådet har eit fast samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) om tiltak for klart språk i staten. Språkrådet har òg samarbeidd fast med Universitetet i Oslo (UiO) om Norsk ordbank, *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. I desember 2015 sa UiO opp samarbeidsavtalen om ordbøkene og ordbanken. Universitetet i Bergen (UiB) skal i 2016 overta ansvaret for desse ressursane, og det skal etter planen difor setjast opp ein tilsvarende samarbeidsavtale med denne institusjonen.

Språkrådet har også ein samarbeidsavtale med MultiLing – senter for fleirspråklegheit ved UiO. Eit konkret tiltak som knyter seg til dette samarbeidet er ei større språkutstilling som skal realiserast i 2016. I det arbeidet er også Oslo Museum samarbeidspartner. Språkrådets tiltak innanfor terminologi og fagspråk skjer i hovudsak gjennom samarbeid med andre verksemder. I 2015 arbeidde Språkrådet

blant anna saman med Difi, Standard Norge, Helsebiblioteket, Kystverket, Universitet- og høgskolerådet, Finans Norge og Språkbanken.

I 2015 i gjorde vi ein samarbeidsavtale om formelt samarbeid med Statped om tiltak som kan styrkja og utvikla norsk teiknspråk. Språkrådet, Kulturdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet deltek i prosjektet «Klart lovspråk», som Direktoratet for forvaltning og IKT leier, og som Kommunal- og moderniseringsdepartementet har det øvste ansvaret for.

Internasjonalt samarbeider Språkrådet med søsterverksemndene i nabolanda gjennom nettverket for språknemndene i Norden. Språkrådet representerer Noreg og er assosiert medlem i European Federation of National Institutions for Language, ein kontaktorganisasjon for dei nasjonale språkinstitusjonane i EU. Språkrådet deltek dessutan i internasjonale samarbeidsorgan, særleg innanfor terminologi, klarspråk, språkteknologi og leksikografi.

Organisasjonen

Leiing

Den øvste leiinga i Språkrådet er styret, som er oppnemnt av Kulturdepartementet. Den daglege leiinga av verksemda ligg hos direktøren. I Språkrådets leiargruppe sit direktøren, leiarane for seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning, seksjon for språk i skule og offentleg forvaltning, seksjon for språkrøkt og språkrådgjeving og seksjon for administrasjon og eining for kommunikasjon.

Talet på tilsette og årsverk

I 2015 hadde Språkrådet 35,5 årsverk fordelte på 39 tilsette.


Lokalisering

Språkrådets hovudkontor ligg i Observatoriegata 1 i Oslo. I tillegg organiserer Språkrådet stadnamntenesta, som i perioden har kontor i Alta (kvensk namnetenesta, flytta til Tromsø i august 2015), Tromsø, Trondheim (flytta frå NTNU til Statens hus i 2015), Bergen (i tilknyting til universitetet der) og dessutan dei to rådgjevarane i stadnamntenesta som i 2015 blei relokaliserte frå Universitetet i Oslo til Språkrådets hovudkontor.

Rekneskap

Rekneskapen er utarbeida etter kontantsprinsippet.

Organisasjonskart



Utvalde hovudtal

Volumtal

Rådgjeving frå Språkrådet og oppslag i nettordbøkene

	Rådgivning			Oppslag	
	E-post	Telefon	Sosiale medium	Bokmålsordboka	Nynorskordboka
2010	4020	2359		17 millionar	13 millionar
2011	4288	2329	125	21 millionar	14 millionar
2012	4324	1734	582	44 millionar	30 millionar
2013	4625	1571	557	59 millionar	30 millionar
2014	4708	1409	544	49 millionar	34 millionar

2015	4075	1203	550	50 millionar ¹	38,8 millionar
-------------	------	------	-----	---------------------------	----------------

Språkrådets kursverksemnd

	Klarspråkskurs	Nynorskkurs	Terminologikurs
2013	14	11	7
2014	7	9	2
2015	11*	13	3

* Omfattar kurs og foredrag

Klagar på korleis statsorgan praktiserer mållova

2013	2014	2015
48	62	43

Utvalde termbasar i Noreg

TERMBASAR	termpostar 2015	termpostar 2014	termpostar 2011
SNORRE (Standard Norge)	52 282	–	53 486
EØS-EU-basen (UD)	42 895	–	40 354
Landbruksordboka	–	–	ca. 20 000
MeSH (Helsebiblioteket.no) *	19 008	18 741	ca. 12 600
Electropedia (IEC) **	3 073	3 073	–
Internasjonal klassifikasjon for sjukepleiepraksis (Norsk sykepleierforbund)	4 212	–	2 848

¹ Tala på oppslag i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* 2015 kan ikkje samanliknast med tidlegare år, fordi vi frå og med dette året har fjerna såkalla robotsøk frå bruksmålingane.

UHR bokmål	1 868	–	1 722
UHR nynorsk	1 666	–	1 666
Kollegiet for brannfaglig terminologi	***	1 629	1 534
Akutt forureining (Kystverket)	599	458	229
Termportalen (NHH)	95 829	–	–
Språkrådets termwiki:			
Dataterm	85		
Kjemi	472		
Vegvesenet	1 012		
Datatilsynet	73		
Kjønnsforskning	14		

* I 2015 vart det hovudsakleg arbeidd med omsetjing av *definisjonar* av eksisterande termar. Det er no3 839 slike definisjonar på bokmål eller nynorsk. Ved utgangen av 2014 var berre 257 definisjonar omsette.

** IEC = International Electrotechnical Commission

*** Tala for 2015 er ikkje klare enno.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2013	2014	2015
Talet på årsverk	29	32	35,5
Samla tildeling post 01 - 78	33 590 181	35 496 000	34 765 000
Samla tildeling post 01 - 29	33 590 181	34 696 641	33 430 000

Utnyttingsgrad post 01 -29	94,9 %	103,3 %	99,2 %
Driftsutgifter post 01	31 884 778	35 838 631	33 174 071
Lønsdelen av driftsutgiftene	67,4 %	64,9 %	76,2 %
Lønsutgifter per årsverk	741 439	726 606	712 450
Lønsutgifter	21 501 727	23 251 376	25 291 976

Del III: Aktivitetar og resultat i 2015

Dei fleste språkpolitiske måla har det sams at det ikkje er mogleg å oppnå dei aleine gjennom Språkrådets eigne aktivitetar og tenester. Språkrådet har sektorovergripande ansvar for norsk språkpolitikk, og Språkrådet prioritærer arbeid der andre aktørar blir trekte inn, og arbeid som når flest mogleg. For å styrkja bruken av norsk i høgare utdanning og forsking har Språkrådet saman med Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet utvikla eit samarbeid med Noregs handelshøgskole (NHH) i Bergen om eit mönsterpraksisprosjekt for parallellspråk i høgare utdanning. Dette prosjektet er også gjort i samarbeid med Nordisk ministerråds arbeidsgruppe for parallellspråklegheit, som eit ledd i arbeidet med å styrkja nordisk språksammarbeid og den nordiske språkdeklarasjonen. Prosjektet skal gjennomførast ved NHH i 2016, og målet er å få utvikla ein mёнsterpraksis som skal kunna takast i bruk over heile Norden.

I 2015 vidareførte Språkrådet arbeidet med å sikra og utvikla viktige språksamlingar, og vi forvalta tilskotsordninga for innsamling av stadnamn, som er eit ledd i sikring av den rike kulturarven desse namna representerer. Som eit ledd i dette arbeidet utvikla vi i 2015 ein IT-applikasjon for innsamling av stadnamn, som skal brukast av alle tilskottsmottakarane. Den langsigktige verdien av dette arbeidet ligg ikkje minst i at det støttar opp om dei kulturpolitiske målsettingane om å sikra denne immaterielle delen av den norske kulturarven medan han ennå er tilgjengeleg.

Språkrådets tilsyns-, rådgjevings- og kursarbeid skal støtta opp om dei langsigktige måla våre som gjeld god bruk av begge dei norske målformene. Språkrådet legg vekt på samarbeid på språkfeltet med dei andre nordiske landa, og vi legg vekt på å få det nordiske perspektivet med i alle nye prosjekt der dette er relevant.

Hovudmål A:

Styrkja norsk språks status og bruk på utsette samfunnsområde

Resultatmål 1: Auka parallellspråkleg praksis med preferanse for norsk i høgare forskings- og utdanningsinstitusjonar.

For å styrkja norsk språks status og bruk på utsette samfunnsområde har Språkrådet i 2015 arbeidd med terminologi og fagspråk, teknologibasert språkbruk, språkbruk i universitets- og høgskolesektoren, i arbeids- og næringslivet og i kultur- og medie sektoren. Språkrådet har i tråd med tildelingsbrevet for 2015 arbeidd med tre særleg prioriterte område under hovudmål 1. Dei tre områda er å styrkja norsk i høgare utdanning, å auka kunnskapen om språkbruk i arbeids- og næringslivet og å sikra god tilgang til norskspråklege teknologiprodukt.

Etter initiativ frå Kulturdepartementet har Språkrådet etablert eit parallellspråkprosjekt for høgare utdanning. Kunnskapsdepartementet stiller seg bak prosjektet, og eit mål er å få ei betre oppfylling av § 1-7 i *lov om universiteter og høyskoler*: å sikra ivaretaking og utvikling av norsk fagspråk. Parallellspråkprosjektet tek sikte på å utvikla praktiske arbeidsmåtar for å balansera omsynet til internasjonalisering ved dei aktuelle institusjonane med omsynet til ansvaret for utvikling av norsk fagspråk. Resultata i 2015 er eit framlegg til ein mёнsterpraksis for parallellspråkbruk som skal prøvast ut og vidareutviklast saman med ein konkret institusjon i 2016. Språkrådet meiner at aktiviteten på dette området vil støtta godt opp om dei langsigktige måla for utvikling og trygging av norsk som samfunnsberande språk på dette særleg utsette feltet.

Resultatmål 2: Auka kunnskap i samfunnet om forholdet mellom norsk, engelsk og andre språk i næringslivet.

Språkrådet har i 2015 gjennomført ei spørjeundersøking om bruk av engelsk i norske verksemder. Til dette blei det løyvd 200 000 kroner frå Kulturdepartementet. Funna frå undersøkinga er at norsk er det mest brukte språket i verksemder i Noreg. Engelsk blir brukt som styrespråk i ein svært liten del av styra i norske verksemder, og det kjem fram i undersøkinga at det er praktiske behov som styrer val av språk. Di fleire tilsette verksemda har, di meir blir engelsk brukt. Vi såg òg at engelsk blir brukt meir i verksemder der det er tilsette frå fleire nasjonar. Verksemder som har engelske kundar og leverandørar, bruker meir engelsk enn dei verksemndene som har norske kundar og leverandørar. I den grad dei tilsette bruker engelsk i arbeidet, gjeld det ein liten del av dei tilsette. Undersøkinga om bruk av engelsk i norske verksemder viser oss at norsk er det viktigaste arbeidsspråket, og dokumenterer dermed at det er behov for arbeid med norsk fagspråk. Funna bør dermed gje klare signal til utdanningsinstitusjonane om at det er viktig å utdanna kandidatar som har denne norske fagspråklege kompetansen.

Det gjennomførte tiltaket har gjeve Språkrådet auka kunnskap om kva problemstillingar som er viktigast i det vidare arbeidet med norsk i arbeids- og næringslivet i åra som kjem. Vi har også fått eit konkret og detaljert oversyn over tilstanden i 2015, som vil gjera oss i stand til å måla endringstendensar på feltet i åra som kjem. Vi ser det difor slik at tiltaket har gjeve dei ønskte resultata.

Resultatmål 3: Offentlege og private verksemder i Noreg skal ha tilgjenge til og tek i bruk norskspråklege teknologiprodukt.

Språkrådet fekk i 2015 gjennomført ei kartlegging av stoda for norskspråklege teknologiprodukt. I kartlegginga blei sentrale fagmiljø spurde til råds om kva behov som finst, og kva som er avgjerande framover for at norskspråklege teknologiprodukt og -verktøy skal vera best mogleg, og dekkja dei aktuelle behova. Arbeidet viste at det framleis er sentralt at Språkbanken, som ligg under Nasjonalbiblioteket, blir utvikla strategisk slik at innhaldet i banken omfattar ressursar og reiskapar som trengst av teknologiverksemder som utviklar språkteknologiske produkt til bruk i den norske marknaden. Språkrådet har på bakgrunn av kartlegginga utvikla ein ny plan for arbeidet vårt med språk og IKT, slik verksemdsplanen la opp til. Eit hovudpunkt i IKT-planen er at Språkrådet skal leggja til rette for kontakt mellom IKT-utviklarar og Språkbanken, og dermed bidra til utvikling på dei områda vi vurderer til å vera viktigast for ivaretakinga av dei norske språka og språkbrukarane sine interesser i framtida.

Andre oppgåver

SPRÅKBRUK I UNIVERSITETS- OG HØGSKULESEKTOREN

Språkrådet har tidlegare år arrangert seminar for å bidra til meir og betre forskingsformidling på norsk, og til konferansar om parallellspråklegheit i universitets- og høgskulesektoren. Desse arrangementa, saman med undersøkingar vi har gjort om språket i høgare utdanning, har skaffa oss god innsikt i sektoren og gjeve oss eit godt nettverk til bruk i vidare arbeid på feltet. Språkrådet har tidlegare kartlagt i kva grad dei ulike UH-institusjonane har utvikla eigne språkstrategiar, og i kva grad desse er tekne i bruk. Vi fann då at dei språklege retningslinjene ved institusjonane i liten grad er i operativ bruk. På bakgrunn av dette har Språkrådet i 2015 utvikla ei ny tilnærming til UH-sektoren for å betra stoda på feltet. Her vil mønsterpraksismodellen for parallellspråkbruk (jf. ovanfor) vera til

hjelp for dei tilsette og studentane ved institusjonen i dei konkrete språkbruksituasjonane dei er i. Språkrådet vil gje råd og rettleiing til arbeidsgruppa på NHH og slik bidra til at dei språkpolitiske retningslinjene som institusjonen har utvikla, blir operasjonaliserte. Dette arbeidet får overføringsverdi til andre institusjonar i UH-sektoren på sikt, og er ein del av eit større nordisk samarbeid. Føremålet med arbeidet er altså at dei språkpolitiske retningslinjene som dei ulike institusjonane har utvikla, i større grad skal takast i bruk. Det langsiktige målet er meir og betre norsk ved dei høgare utdanningsinstitusjonane.

Språkrådet er oppteke av språket i læremiddel for høgare utdanning fordi undersøkingar vi har gjort om pensumlitteratur i høgare utdanning, viser at språket i læremidla påverkar undervisningsspråket. Eit tiltak som var tenkt gjennomført i 2015 for å styrkja norsk fagspråk, var å omsetja læreboktekstar frå engelsk til norsk. Språkrådet gjekk bort frå desse planane tidleg i 2015, fordi ei nærmere vurdering viste at dette både er eit meir kostbart tiltak enn føresett, og fordi det er eit tiltak som er problematisk med tanke på opphavsrettar. Språkrådet valde difor å prioritera andre og etter vårt syn meir effektive arbeidsformer for å styrkja norsk fagspråk, og særleg då gjennom det tidlegare omtalte omfattande mònsterpraksisprosjektet.

TERMINOLOGI OG FAGSPRÅK

Språkrådet er samordningsorgan for terminologiarbeid i Noreg. Språkrådet legg til rette for at andre aktørar skal driva ei aktiv terminologiutvikling på norsk på sine fagområde, og at dette arbeidet skal vera lett tilgjengeleg. Språkrådet deltek i terminologiarbeid saman med mellom andre Standard Norge, Kollegiet for brannfagleg terminologi, Helsebiblioteket, Tidsskrift for den norske legeforeningen, Kystverket og Universitets- og høgskolerådet. Språkrådet gjev òg ut skriftserien *Terminologen*. I 2015 kom skrift nr. 4 og nr. 5 ut.

Språkrådet tek initiativ til nye termprosjekt og deltek i allereie pågående termprosjekt. Vi rettleiar i terminologisk metode og har ein rådgjevande funksjon i termprosjekta vi deltek i. I 2014 lyste Språkrådet ut midlar til oppstart av nye termprosjekt. Vi fekk inn søknadar frå fleire fagmiljø, og midlane blei løyvde til eit termprosjekt i kjønnsforskning, som starta opp i 2015. Språkrådet bidreg òg til eit nyoppretta termprosjekt om optometrisk terminologi som er finansiert av Kulturdepartementet. Språkrådet har òg etablert eit termprosjekt i kognitiv lingvistikk i 2015. Resultata frå desse prosjekta blir publiserte i Språkrådets termwiki, som er eit viktig verktøy i dette arbeidet. Språkrådet opprettar brukarkonto for aktørar som skal kunna leggja inn postar i denne wikien. Ved utgangen av 2015 inneheldt ressursen 1656 termpostar, fordelt på ei rekke ulike emne: Dataterm: 85 termpostar, kjemi: 472 termpostar, Vegvesenet: 1012 termpostar, Datatilsynet: 73 termpostar, kjønnsforskning: 14 termpostar.

Språknemndene i Danmark, Island, Noreg og Sverige har sett i gang eit terminologiprosjekt for å gjera det lettare å gjera seg forstått i dei nordiske nabolanda. Prosjektet skal resultera i ein termbase der ein kan slå opp vanskelege fagord på dansk, islandsk, finsk, norsk eller svensk og få ein definisjon på sitt eige språk. Prosjektet blei sett i gang i 2015 og skal gå over to år. Ved utgangen av 2015 var det 419 termpostar om utdanningsterminologi i basen. Språkrådet arbeider slik for å styrkja den nordiske språkfellesskapen, og tiltaka på dette feltet støttar opp om dei langsiktige måla på feltet nabospråksforståing og nordisk språkfellesskap.

NORSK SPRÅK I IKT-VERKTØY

Språkbaserete digitale produkt og tenester skal vera tilgjengelege med norskspråklege grensesnitt i den norske marknaden, og programvare som blir kjøpt inn til offentleg bruk, skal vera tilgjengeleg i

begge målformer. Språkrådet har i 2015 fått gjennomført ei omfattande kartlegging av behova og ønska til ulike sentrale aktørar på IKT-feltet. Desse innspela dannar utgangspunktet for Språkrådets prioriterte arbeidsoppgåver innan språk og IKT. I sum seier innspela oss at god, dekkjande infrastruktur er avgjerande for å utvikla språktekologiske produkt på norsk. I praksis inneber dette god tilgang til godt merkte og tilrettelagde språkressursar, både som tale og tekst. Ein slik infrastruktur med språkressursar og -verktøy finst i Språkbanken. Språkrådet vil bidra til planmessig og strategisk utbygging av infrastrukturen i Språkbanken, og til å etablera kontakt mellom utviklarmiljø og Språkbanken. På bakgrunn av dette har Språkrådet fastsett ein ny plan for arbeidet vårt med språk og IKT i 2015 (jf. resultatmål 3).

SPRÅKBRUK I ARBEIDS- OG NÆRINGSLIVET

Språkrådet fekk i 2015 ei ektraløying på 200 000 kroner frå Kulturdepartementet til å gjennomføra ei undersøking av språk i næringslivet. Vi har gjennomført undersøkinga i to ledd. Den første kartlegginga vender seg til leirarar i næringslivet og byggjer på deira eigenrapportering om bruk av engelsk i verksemduene. Det andre ledet rettar seg mot tillitsvalde i verksemduene. Vonleg vil svara frå dei to gruppene utfylla kvarandre, slik at vi får eit dekkjande bilet av kor mykje norsk er i bruk i næringslivet. Formålet med prosjektet var å skaffa Språkrådet meir kunnskap om kor omfattande bruken av engelsk er. Resultata skal gje det mogleg for Språkrådet å driva eit målretta arbeid for å styrkja norsk i arbeids- og næringslivet (jf. resultatmål 2).

Det første ledet av undersøkinga om bruk av engelsk i norske verksemder i det private næringslivet, fekk Språkrådet gjennomført hausten 2015. Kartlegginga gjeld bransjane industri, varehandel og service, og det kom inn 1183 svar. Respondentane var i hovudsak representantar for leiinga i verksemduene (frå dagleg leiari/adm.dir. til marknadssjefar, kommunikasjonssjefar o.l.).

Vi hadde ein arbeidshypotese om at dei verksemduene som har engelsk som styrespråk, òg ville bruka engelsk i andre ledd av verksemdua. Hovudfunna i undersøkinga var at norsk er mest brukt i alle ledd i verksemder i Noreg. Ein svært liten del av verksemduene bruker engelsk som styrespråk. Det er praktiske behov som styrer val av språk i verksemduene: di fleire tilsette verksemdua har, di meir blir engelsk brukt. Verksemder som har tilsette frå mange nasjonalitetar, brukar meir engelsk enn dei med språkleg mindre samansette tilsettegrupper. Verksemder med utanlandske kundar og leverandørar bruker engelsk meir enn dei med norske kundar og leverandørar. I den grad tilsette utover leiinga må bruka engelsk i arbeidet, gjeld dette berre ein liten del av dei tilsette.

Undersøkinga gjev eit bilet av at engelsk først og fremst blir brukt for å dekkja konkrete behov i verksemduene, og at engelskbruken ikkje er knytt til status eller prestisje. Dette ser vi mellom anna fordi ein mykje større del av dei verksemduene som har både norske og utanlandske kundar og leverandørar (85 pst.), bruker engelsk meir enn dei verksemduene som berre har norske kundar og leverandørar (44 pst.). Undersøkinga viser at bruken av engelsk i næringslivet er i tråd med språkplakaten som NHO og Språkrådet lanserte i 2009: Bruk norsk når du kan og engelsk når du må.

Det andre ledet i undersøkinga (retta mot dei tillitsvalde i verksemduene) blei sendt ut heilt på tampen av 2015, og resultata blir difor først klare i januar 2016. Funna blir rapporterte til Kulturdepartementet. Språkrådet vil bruka funna frå undersøkinga som utgangspunkt for det vidare arbeidet vårt med å styrkja norsk i arbeids- og næringslivet.

SPRÅKBRUK I MEDIA OG I KULTURTILBODET

Språkrådet har i 2015 samarbeidd med NAViO (Norsk audiovisuell omsetjarforeining) om å finna gode og relevante tiltak til korleis vi kan sikra at tv-teksting held god språkleg kvalitet. Dette arbeidet vil halda fram i 2016. Språkrådet har òg kontakt med språksjefen i NRK og gjev råd til institusjonen. På dette arbeidsfeltet har Språkrådet ikkje hatt større prioriterte prosjekt i 2015, delvis på grunn av manglande bemanning på feltet.

Hovudmål B: Fremja norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk

Resultatmål 4: Auka medvit om språkpolitiske omsyn i språkopplæringa i skulen

Resultatmål 5: Rådgjevings- og svartenesta skal effektiviserast

Resultatmål 6: Setja i verk og vidareutvikla ordninga for innsamling av stadnamn

Arbeidet med å fremja norsk som eit godt kultur- og bruksspråk skjer innanfor områda språkleg rådgjeving, språkleg dokumentasjon, normering, generell språkrøkt, språkopplæring og offentleg klarspråk. I 2015 prioriterte vi arbeid for å auka medvitet om språkpolitiske omsyn i språkopplæringa i skulen, effektivisera rådgjevings- og svartenesta og iverksetja og vidareutvikla ordninga for innsamling av stadnamn.

Den språklege rådgjevinga i Språkrådet skjer i forlenginga av oppdraget om å verna det norske språket som kulturarv, forvalta rettskrivingsnormene og auka kunnskapen om språket.

Rådgjevinga i Språkrådet skjer dels i direkte kontakt med publikum, dels gjennom formidling på nettsidene våre (og i andre informasjonskanalar) og dels gjennom standardordbøkene

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka*. I 2015 svara vi på 4075 spørsmål om språkbruk på e-post, 1203 på telefon, 337 på Twitter og 243 på Facebook. Det er rimeleg å venta at dei konkrete ráða fører til betre kjennskap til god og korrekt språkbruk, og at rettleiinga vår i flesteparten av tilfella blir formidla vidare til andre. Den direkte rådgjevinga gjennom kontakt med publikum fører i fleire tilfelle til faste artiklar på nettsidene våre, og somme førespurnader fører til vidare utgreiing og normering. For første gong på mange år var det ein nedgang i talet på e-postspørsmål, samstundes som nedgangen i talet på telefonspørsmål heldt fram. Rådgjevinga i sosiale medium har lege på det same nivået sidan 2012.

I mai 2015 blei nettsidene våre lagde om, og fram mot denne nylanseringa reviderte vi mykje av rådgjevingsstoffet på nettstaden vår. Den mest brukte seksjonen på nettsidene er *språkhjelp*, som hadde 575 800 visningar frå mai og ut året. Då dei nye nettsidene blei lanserte, offentleggjorde vi òg den nye svarbasen med søkbare spørsmål og svar. Bruken av denne svarbasen har vore jamt aukande, og dei einskilde sidene i basen blei viste 113 138 gonger. Vi meiner det er grunn til å rekna med ein samanheng mellom nedgangen i det samla talet på direkte spørsmål og den jamne auken i bruk av svarbasen og rådgjevingsstoffet på nettsidene. Det er òg slik vi har ønskt å dreia rådgjevinga vår. Dette arbeidet held fram i 2016, og særleg vil arbeidet med svarbasen bli prioritert for vidare utvikling, særleg ved å gjera fleire svar tilgjengelege og ved å utvikla dei tekniske funksjonane til sok og deling. Dette er tiltak som vi meiner gjev konkret måloppnåing på området for resultatmål 5.

I 2015 gav Språkrådet òg ut boka *Hvorfor snur man på flisa? Folk spør – Språkrådet svarer*. Boka inneheld eit utval av svar Språkrådet har gjeve publikum, hovudsakleg frå svarbasen. Språkrådet har òg i 2015 leidd arbeidsutvalet for *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka* og Norsk ordbank. Føremålet

med dette tiltaket er å bli endå meir synlege for eit større publikum, og visa fram mangfaldet og breidda i Språkrådets publikumsarbeid (jf. resultatmål 5).

Vi har sett av eit ekstra årsverk til vidare oppgraderingsarbeid med ordbøkene, ført og fremst *Bokmålsordboka*. Ordbøkene og ordbanken er særskilt viktige ressursar for god språkrøkt og formidling av dei offisielle rettskrivingsnormene. Det er etter kvart opp mot 100 millionar søk i ordbøkene kvart år, og i 2015 viste bruken ein auke på 25 % frå året før. Det framtidige arbeidet med desse ressursane har vore utsikt, på grunn av den uavklarte situasjonen knytt til vidare forvaltning av språksamlingane ved Universitetet i Oslo. Språkrådet har halde fram med å engasjera seg i denne saka, særleg med spørsmål som gjeld oppdragva våre. Dette er viktig for at vi også i framtida skal kunna ha tilgjenge til den språklege infrastrukturen, som gjer det mogleg å oppfylla mange av dei sentrale språkpolitiske måla for norsk språk. Då det på slutten av året blei klart at språksamlingane skal flyttast, etablerte vi tidleg kontakt med Universitetet i Bergen, for å sikra ei trygg overføring av ressursar, kompetanse og brukartilgjenge til infrastrukturen også etter flyttinga. Ikkje minst gjeld dette ordbokressursane, som ikkje toler brot i drifta. Arbeidet er høgt prioritert òg i 2016, og tiltaka vi har sett i verk, svarer til resultatmål 5 (jf. ovanfor).

I 2015 var det sett av 1 000 000 kroner til den nye tilskottssordninga for innsamling og registrering av stadnamn, som Språkrådet førebudde i 2014.

Språkrådet brukte i 2015 eigne ressursar til å vidareutvikla registreringsverktøyet som skal brukast av tilskottsmottakarane for å trygga at den innsamla stadnamndokumentasjonen som kjem frå dei ulike tilskottsmottakarane, kan vera tilgjengeleg i ein sams database. Tiltaka skal bidra til å nå måla om iverksetting og vidareutvikling av ordninga for innsamlinga av stadnamn (resultatmål 6).

Vi sette òg av eigne midlar til vidareutvikling av basen med kvenske stadnamn. Gjennom dette viktige dokumentasjonsarbeidet for kvensk språk og kultur er no 7751 kvenske stadnamn registrerte og gjorde tilgjengelege. Dette arbeidet støttar opp om måla våre både på stadnamn- og minoritetsspråkfeltet.

Språkrådet har i 2015 følgt opp prosjektet med digitalisering og revidering av *Norsk stadnamnleksikon*, som fekk tilskott gjennom tilskottssordninga for stadnamn i 2014. Ein førebels versjon er no tilgjengeleg på www.norskstadnamnleksikon.no. Vi har medverka til dette arbeidet gjennom møte med tilskottsmottakaren Berit Sandnes og med Det Norske Samlaget (forlaget til den trykte utgåva av *Norsk stadnamnleksikon*).

Den fyrste ordinære utlysinga av tilskottsmidlar til innsamling og registrering av stadnamn blei publisert på Språkrådets nettsider i juni 2015. Det blei søkt om støtte til 13 prosjekt. 10 av desse var i samsvar med kriteria i utlysinga, og dei fekk alle tilskott. Desse var: Suldal Sogelag (Rogaland), Sør-Odal slekts- og historielag (Hedmark), Hemsedal kommune (Buskerud), Nordland fylkeskommune ved Arkiv i Nordland (Nordland), Ringerike kommune (Buskerud), Spind historielag (Vest-Agder), Tyldalen bygdetun (Hedmark), Frøya kommune (Sør-Trøndelag), Gjøvik historielag (Oppland) og Kvensk stedsnavndatabase v/Irene Andreassen (Finnmark).

I 2016 blir det viktig å følgja opp dei prosjekta som fekk tilskott i 2015. Språkrådet har på nyåret samlingar med tilskottsmottakarane frå 2015, slik at dei blir kjende med det nyutvikla redigeringsverktøyet. Det har vore éi samling i Trondheim, og det blir i mars 2016 ei samling i Oslo. Når stadnamnsamlingane no skal til Universitetet i Bergen, er det naturleg at både det digitale registreringsverktøyet, det digitaliserte stadnamnleksikonet, den kvenske stadnamnbasen og det innsamla materialet frå dei ulike prosjekta blir knytte til dei ressursane universitetet skal ta hand om på stadnamnfeltet. Berre slik vil det overordna formålet med tilskottssordninga for samordning og

tilgjengeleggjering av stadnamnmateriale kunna oppfyllast. Òg på dette området vil det såleis vera avgjerande å etablera eit godt samarbeid med Universitetet i Bergen.

Andre oppgåver

SPRÅK I OFFENTLEG SEKTOR

Språkrådet skal auka kunnskapen om godt språk i offentleg sektor og sjå til at staten har ei rimeleg fordeling mellom målformene i kommunikasjonen med innbyggjarane. Gjennom opplæring, rettleiing og konkret tekstarbeid medverkar Språkrådet til at offentlege verksemder kan kommunisera klarare, betre og meir i tråd med målbruksreglane. Korrekt, klart og brukartilpassa språk i tekstar frå det offentlege er viktig både for den einskilde brukaren og for heile samfunnet. I eit demokrati er det også avgjerande at folk forstår eigne rettar og plikter, slik at dei kan ta del i og følgja opp saker som vedkjem dei sjølve. I tillegg bidreg tydelege tekstar til ei effektiv offentleg forvaltning og ikkje minst – ein enklare kvardag for folk flest. Språkrådet tilbaud i 2015, som i tidlegare år, nynorskkurs og klarspråkskurs for statstilsette. Kursa er tilpassa dei ulike statsorgana og har ei praktisk tilnærming som gjev konkrete resultat i form av tekstar som blir tekne i bruk. Denne typen tilpassa kurs gjev gode resultat, men er ressurskrevjande. Derfor stiller Språkrådet krav om at desse kursa skal inngå som ein del av eit større og meir forpliktande arbeid som statsorgana gjer sjølve på dette feltet.

Språkrådet får også mange førespurnader om innførings- og inspirasjonskurs i klarspråk. For å dekkja behovet for denne typen kurs vil Språkrådet supplera den ordinære kursverksemda med e-læring, slik at vi kan nå ut til fleire. I 2015 har vi saman med Difi prioritert arbeidet med e-læringskurs i klarspråk, som blir lansert våren 2016. Med dette kurset kan vi nå alle offentleg tilsette som ønskjer eit grunnleggjande klarspråkskurs, utan at vi må setja av særskilde ressursar. Røynsla frå dette arbeidet vil danna grunnlaget for arbeidet med å vidareutvikla e-læringsstilbodet i nynorsk i 2016.

Språkrådets kursverksem i perioden 2013-2015:

	Kurs og foredrag om klarspråk	Nynorskkurs
2013	14	11
2014	7	9
2015	11	13

I 2015 vidareførte Språkrådet samarbeidet med Difi om prosjektet «Klart lovspråk». Prosjektet skal mellom anna gjera språket betre og meir forståeleg i utvalde innbyggjarretta lover og utvikla ei ny arbeidsform som skal kunna brukast i anna lovutviklingsarbeid. Arbeidet i prosjektet inngår i regeringa si satsing på ein enklare kvardag for folk flest, mellom anna gjennom enklare lovar og reglar. Tiltaka våre på dette feltet støttar på ein direkte og god måte opp om det overordna målet vårt om å ivareta språkrubukarane sine interesser (jf. hovudmål C).

Stadnamntenestene for norske og kvenske stadnamn

Stadnamntenestene for norske og kvenske stadnamn er administrerte av Språkrådet. Hovudoppgåva er å gje råd i skrivemåten av stadnamn som skal behandlast etter lov om stadnamn (stadnamnlova). Dei fleste sakene stadnamntenestene har behandla i 2015, har vore adressenamn, men det har òg blitt behandla ein del gards- og bruksnamn, naturnamn med meir.

Klagenemnda for stadnamnsaker er oppnemnd av Kulturdepartementet. Nemnda behandla i 2015 23 klagesaker, fordele på to møte. Dette er omtrent same talet som i fjar, etter ein auke dei siste åra (25 saker i 2014, 10 saker i 2013, 8 saker i 2012 og 8 saker i 2011). Klagesakene i 2015 gjaldt ulike typar namn, både adressenamn, gards- og bruksnamn og naturnamn. To av sakene har vore fleire rundar i sakshandsamingssystemet. Dette gjeld høvesvis Topdal/Tofdal/Tovdal, Hunn/Skage og Ranemsletta/Overhalla.

Rettskrivingsvedtak

Styret i Språkrådet vedtok tidleg i 2015 overordna retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk, og desse retningslinjene har gjeldt frå 1. mars 2015. Retningslinjene har særskilde kapittel om bokmål og nynorsk, og dessutan eigne kapittel om terminologi, importord og andre emne.

I 2015 vedtok styret i Språkrådet desse endringane:

- 1) Skrivemåtar av einskildord i begge målformene:

internett eller Internett (før: berre Internett)
kviss eller ui (før: berre ui)
poddkast eller podkast (før: unormert)
nikab (før: unormert)

- 2) Valfritt kjønn, hankjønn eller inkjekjønn, i kompliment i begge målformene. Før: berre maskulinum.

- 3) Endring i skrivemåten av einskildord berre i nynorsk:

tyngd eller tyngde (før: berre tyngd)
sidd eller sidde (før: berre sidd)

- 4) Endringar i bøyinga av nokre s-verb i bokmål. Endringane er viste i vedlegg 1 til denne årsrapporten.

Styret vedtok òg at substantiva jorda (bokmål òg jorden), sola (bokmål òg solen) og månen framleis skal skrivast med liten forbokstav i alle samanhengar.

Dessutan vedtok styret endringar i nokre substantivgrupper i bokmål. Dette vedtaket er sendt til Kulturdepartementet til godkjenning.

Stykket «No kan du skrive eit kompliment» blei den mest lesne nyheitssaka på nettsidene til Språkrådet i 2015.

Hovudmål C: Ivareta det språklege mangfaldet og språkbrukarane sine interesser

Resultatmål: Ei styrkt forståing av nordiske nabospråk i befolkninga

Resultatmål: Norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes skal styrkjast og gjerast synlege som språk

For å nå målet om å trygga det språklege mangfaldet og interessene til språkbrukarane arbeider Språkrådet innanfor områda språklege rettar, måljamstilling, nordisk språkfellesskap, norsk teiknspråk, nasjonale minoritetsspråk og minoritetsspråklege spørsmål. I 2015 prioriterte Språkrådet arbeidet med å styrkja norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka og gjera dei synlege, og i tillegg arbeidde vi med tiltak som kan styrkja grannespråksforståinga.

Teiknspråk

Språkrådet har halde fram med å vera ein viktig aktør for å styrkja norsk teiknspråk og gjera det synleg i samfunnet. I 2015 hadde vi over 60 møte med organisasjonar og institusjonar som på ulike måtar arbeider med eller har ei verksemd som har med teiknspråk å gjera. I desse møta er det ofte viktig å framheva verdien til norsk teiknspråk i eit språkpolitisk perspektiv. Fleire av møta har konkrete samarbeidsprosjekt som emne, til dømes prosjekt om teiknspråkleg liturgi og korleis døve teiknspråktolkar kan brukast i samarbeid med høyrande teiknspråktolkar. I desember 2015 skreiv direktørane i Statped og Språkrådet under ein viktig samarbeidsavtale. Målet med denne avtalen er å bruka og vidareutvikla teiknspråkkompetansen i Statped og Språkrådet til å styrkja opplæringa i norsk teiknspråk i barnehagar, skular og høgre utdanning.

Vi heldt i 2015 over 25 føredrag og presentasjonar om teiknspråk for studentar, elevar, tolkar og andre. Teikntermgruppa som Språkrådet tok initiativ til og etablerte i 2014, hadde i 2015 tre møte, og gruppa har utvikla konkrete framlegg til nye termar på norsk teiknspråk. Termene er publiserte på sidene til Språkrådet. På nettsidene våre har vi generelt fått meir innhald på teiknspråk; mellom anna nokre tekstar som ikkje handlar om teiknspråk.

Vi arrangerte to godt besøkte panelsamtalar om teiknspråk i 2015, éin Trondheim og éin i Stavanger. Her deltok representantar for kommunane, og kunnskap om teiknspråk blei spreidd til nye grupper.

Ved Høgskolen i Oslo og Akershus er det sett i gang eit viktig arbeid med dokumentasjon av teiknspråk. Dette har vore eit behov Språkrådet har peika på i fleire år, og formålet om språkstyrking er det avgjerande at dette er etablert.

Hovudutfordringa for teiknspråkarbeidet vil framleis vera korleis ein kan auka kunnskapen om norsk teiknspråk og om teiknspråkbrukarane i storsamfunnet. Språkrådet vil difor halda fram med å møta brukargrupper og viktige aktørar. Vi meiner at aktiviteten i 2015 støtta godt opp om måla våre for perioden om å styrkja og synleggjera norsk teiknspråk i samfunnet.

Minoritetsspråk

Arbeidet med minoritetsspråklege spørsmål har òg i 2015 i høg grad dreidd seg om synleggjering og kontakt med språkbrukarane. I Språknytt har vi hatt stykke om revitalisering av kvensk og omtale av den nye rådgjevaren Katriina Pedersen, som arbeider dels som sekretær i kvensk stadnamnteneste og dels som rådgjevar i andre saker som gjeld kvensk. Då Pedersen blei tilsett, blei stillinga

samstundes auka frå 50 til 80 prosent, slik at vi vil vera endå betre rusta til å arbeida med styrking og synleggjering av språket framover.

Arbeidet med dokumentasjon av kvenske stadnamn i tilknyting til tilskottsordninga for innsamling og registrering av stadnamn heldt fram med eigne midlar i 2015. Vi har medverka til utgjeving av ei samling med forteljingar på romanes og norsk.

Synleggjeringa av minoritetsspråka vil halda fram i 2016, og Språkrådet vil tidleg på året revidera handlingsplanen for vårt eige arbeid med dei nasjonale minoritetsspråka.

Andre oppgåver

MÅLOVSTILSYN

Språkrådet fører tilsyn med om statsorgana følgjer mållova. Frå og med 2015 fører vi også tilsyn med målbruken i departementa. Sjølv om det er mykje godt språkarbeid i staten, hender det derre relativt ofte at statlege organ og departement skriv bokmål der dei er forplikta til å nytta nynorsk. Språkrådet følgjer opp dette med tilsynsarbeid, kurstilbod og rådgjeving. Vi har innhenta rapportar om målbruk frå statsorgana og departementa, og alle desse har fått individuell tilbakemelding på eigen målbruk. Resultata frå målbruksrapporteringa blir publiserte i ein årleg rapport om målbruk i staten. Språkrådet handsamar også klagar på brot på mållova.

Tal på klagar i perioden 2013–2015:

2013	2014	2015
48	62	43

Språkrådet tilbyr nynorskkurs og rettleiing for å hjelpe statsorgana og departementa til å oppfylla krava i mållova. Det er all grunn til å tru at det systematiske tilsynsarbeidet vi gjer, medverkar til å halda nynorskprosenten oppe i statlege tekstar. For eksempel viser tendensen i mållovsrapportane dei siste åra at statsorgana har blitt flinkare til å bruka nynorsk i sosiale medium. Dette er truleg eit resultat av at Språkrådet aktivt har peika på mållovsbrot i sosiale medium, og informert om at mållova gjeld også i desse kanalane.

Undersøking om målbruk

På oppdrag frå Kulturdepartementet gjorde Språkrådet i samarbeid med TNS Gallup ei undersøking i 2015 av bruken av bokmål og nynorsk blant høvesvis statstilsette og språkbrukarar generelt. Funna i undersøkinga stadfestar mykje av det vi veit frå før om målbruk i Noreg, mellom anna at nynorsken er under press. Samstundes avdekte undersøkinga blant statstilsette ein del problem som hindrar at mållova blir følgd, slik som manglande språkrutinar og lågt medvit blant leiarar om språkbruk og språklege rettar. Funna i undersøkinga har difor stor relevans for det vidare språkpolitiske arbeidet, og vi vil bruka desse til å utforma gode tiltak for å møta desse problema med.

Skule

Språkrådet skal vera ein synleg og interessant formidlar av språkspørsmål, også i møtet med barn og unge. I 2015 har Språkrådet samarbeidd med Bymuseeet i Oslo og MultiLing – senter for fleirspråklegheit ved Universitetet i Oslo om å laga ei språkutstilling. Utstillinga skal presentera dagens språkbruk i hovudstaden i ein sosial, historisk, (fleir)kulturell og demografisk kontekst, og hovudmålgruppa er skuleelevar og studentar. Utstillinga opnar for publikum i mai 2016.

Språkrådet legg vekt på at språkopplæringa i den norske skulen skal utformast og praktiserast slik at språkpolitiske omsyn og rettane til språkbrukarane blir tekne vare på. Vi arbeider for å auka kunnskapen om spørsmål som gjeld språkopplæring og uttaler oss både i høyringar og i medium om språkopplæring og elevane sine språklege rettar. I 2015 har Språkrådet mellom anna levert høyringsfråsegn om framlegg til endringar i opplæringslova og om NOU 2015:8 – *Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser*. I samarbeid med MultiLing gjennomførte vi også undersøkinga «Rom for språk?», som tek for seg korleis den fleirspråklege kapitalen til elevane blir brukta og forvalta i klasserommet.

Arbeidet vårt på skulefeltet er utforma slik at det skal støtta opp om dei langsiktige måla våre både når det gjeld å sikra norsk som velfungerande bruksspråk, og når det gjeld å vareta dei språklege interessene til språkbrukarane i Noreg.

Språkdagen 2015

Tema for Språkrådets årskonferanse i november, Språkdagen 2015, var språkleg mangfold i framtidas skule. Denne dagen samla vi skulefolk, skleforskjarar og politikarar for å diskutera kva slags kompetanse elevane treng i norsk og i andre språk for å greia seg i samfunnet i framtida. Eit gjennomgåande tema var kva konsekvensar språkpolitiske mål skal ha for praktisk utdanningspolitikk.

Som arrangement støtta Språkdagen 2015 konkret opp resultatmålet som gjeld auka medvit om språkpolitiske omsyn i språkopplæringa i skulen. Arrangementet og saksområdet fekk godt synleg omtale i riksdekkjande medium, og det var tilgjengeleg som strøymeteneste på nettsidene til Kulturdepartementet og Språkrådet. Dette gjorde at den viktige diskusjonen om norsk språk i skulen og språkleg mangfold i opplæringa kunne nå fram til mange.

Nordisk språksamark

Resultatmål 7: Ei styrkt forståing av nordiske nabospråk i befolkninga

I 2015 har Språkrådet vidareført samarbeidet med dei nordiske språknemndene gjennom Nettverket for språknemndene i Norden. Det årlege nordiske språkmøtet blei halde i Roskilde. Nettverket vil framleis prioritere arbeid med nordisk språkforståing, men vil finne nye og meir effektive samarbeidsformer.

Våren 2015 publiserte Språkrådet ei handbok i nabospråkundervisning for lærarar. Språkrådet var også hovudredaktør for publikasjonen Språk i Norden 2015. Tema for nummeret var den nordiske språkdeklarasjonen og oppfølginga av den. Vi meiner både handboka og publikasjonen vil kunna nå mange, og dermed ha god effekt som tiltak.

I mai 2015 var Språkrådet vertskap og arrangør for den nordiske klarspråkskonferansen, som hadde språk og makt som tema. Konferansen gjekk over to dagar og hadde 146 deltagarar, og innlegga vert samla i ein eigen konferanserapport.

Språkrådet og Difi samarbeidde om eit innlegg på den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN 2015 i Irland. Tema for innlegget var klart språk i digitale tenester.

Kåring av Årets nynorskkommune

Språkrådet fekk i 2015 i oppdrag frå Kulturdepartementet å leia juryarbeidet for prisen Årets nynorskkommune. I desember 2015 kåra juryen Førde kommune til Årets nynorskkommune.

Tidstjuvprosjektet

Som ledd i tidstjuvprosjektet fekk Språkrådet i 2015 i oppdrag frå Kulturdepartementet å vurdera om arbeidet med mållovsrapportering kunne forenklast. I eit skriftleg svar til departementet gjorde Språkrådet framlegg om ulike måtar å gjera ei slik forenkling på. I samråd med departementet gjekk Språkrådet vidare med framlegget om å undersøka korleis digitale verktøy kan effektivisera mållovsrapporteringa. Difi greidde ut ei løysing med digital innhausting av målbruksdata. Løysinga var særskilt ressurskrevjande, og Språkrådet ser no etter enklare og rimelegare digitale løysingar.

Den lange sakshandsamingstida innføringa av obligatoriske adressenamn har ført med seg , har Språkrådet òg vurdert som tidstjuv. Innføringa har ført til at stadnamnkonsulentane har fått svært mange saker inn til handsaming. Konsulentane er administrativt tilknytte Språkrådet, men det er kommunane som gjer sjølve namnevedtaka. Den store saks mengda har gjeve lang sakshandsamingstid i fleire ledd, og dette har ført til at brukarane (kommunar og privatpersonar) ofte har måttta venta for å få saka avgjort. Språkrådet har difor ønske om å sjå på korleis dette kan bli betre.

Kommunikasjon

Seksjon for kommunikasjon har ansvar for den eksterne og interne kommunikasjonen i Språkråde. I samsvar med Språkrådets overordna strategiske planar og kommunikasjonsstrategi legg kommunikasjonsarbeidet vekt på å vera synleg, driva omdømmebygging og involvering og yta god service. Dei eksterne kommunikasjonskanalane våre er media, nettsidene www.sprakradet.no og www.klarsprak.no, sosiale medium, Språknytt og Statsspråk. Kanal for internkommunikasjon er intranettet, allmøte og dessutan linjekommunikasjon.

Dei eksterne nettsidene vart lagde om i mai 2015. Nettstaden www.sprakradet.no vart lagd om for å bli meir tilgjengeleg for brukarane, og for lettare å kunna dela artiklar og stoff i sosiale medium. Nettsidene fekk også responsivt design, slik at dei kan brukast frå mobile einingar.

Nettsidene hadde i 2015 2 405 228 unike sidevisingar. Den mest lesne sida var «Administrativ ordliste bokmål–nynorsk» med 35 213 unike sidevisingar. Den mest brukte seksjonen var «Språkhjelp», med 503 777 unike sidevisingar. Basen med søkbare spørsmål og svar, som blei lansert saman med dei nye nettsidene våre i mai 2015, hadde 95 352 unike sidevisingar.

I samband med at nettstaden www.sprakradet.no blei lagd om våren 2015, blei òg www.klarsprak.no omarbeidd. Nettstaden for klarspråk fekk ny utsjånad og ny struktur, og innhaldet blei betre tilpassa og kopla til innhaldet på www.sprakradet.no. Nettstaden www.klarsprak.no er ei verktøykasse for språkarbeid i det offentlege, oppretta og vidareutvikla i eit samarbeid mellom Språkrådet og Difi frå 2009. Frå 2013 har Språkrådet hatt eineansvar for nettstaden.

Språkrådet brukar både Twitter og Facebook aktivt i kommunikasjonen. Pr. 1. januar 2016 hadde vi 7 932 følgjarar på Facebook og 11 411 følgjarar på Twitter. Til samanlikning hadde vi 1. januar 2015 6 113 følgjarar på Facebook og 9 750 på Twitter. Vi deler saker frå eiga nettside i dei sosiale media våre, deler relevante saker frå andre og svarer på språkspørsmål. I 2015 svarte vi på 241 spørsmål på Facebook og 336 på Twitter.

I 2015 gav Språkrådet ut boka *Hvorfor snur man på flisa? Folk spør – Språkrådet svarer* (jf. s. 9).

Språkrådets mediekontakt er både reaktiv ved innkomne spørsmål frå media og proaktiv ved utsending av pressemeldingar, kontakt med enkeltredaksjonar og arbeid med kronikkar og debattinnlegg.

Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av styring og kontroll

Riksrevisjonen har ved tidlegare revisjonar peika på at Språkrådet ikkje har etablert det dokumenterbare systemet for risikostyring som alle statlege verksemder skal ha som del av styringssystemet sitt. Språkrådet la i 2014 ned eit stort arbeid med å innføra eit system for risikostyring. Implementeringa av dette systemet har det blitt arbeidd vidare med i 2015.

Det er utfordrande å implementera ein risikoanalyse som er tilpassa Språkrådets eigenart slik at risikovurderinga på ein god måte kan inngå i mål- og resultatstyringsarbeidet. Dei mest sentrale risikofaktorane som viser måloppnåinga i Språkrådets samfunnsoppdrag, er gjerne slik at dei ligg utanfor Språkrådets eigen kontroll. Dette har sjølv sagt å gjera med at Språkrådets arbeid er sektorovergripande, og at dei fleste tiltaka rådet set i verk, skal gjennomførast andre stader enn i kultursektoren. Å identifisera faktorar som Språkrådet sjølv kan påverka, står sentralt i arbeidet med å utforma realistiske mål for verksemda, samstundes som det ligg i Språkrådets arbeidsoppgåver at tiltaka skal verka i andre sektorar enn vår eigen. Det er viktig at desse stemmer med dei føringane og prioriteringane som ligg i St.meld. nr. 35 (2007–08) *Mål og mening*, i Språkrådets tildelingsbrev og i andre aktuelle oppdragsbrev.

Språkrådets eigen risiko- og sårbarheitsanalyse og vidareutvikling av reiskapane våre for risikostyring vil også framover vera viktige i styringsdialogen med Kulturdepartementet.

Nærare omtale av tilhøve knytte til styring og kontroll

Språkrådet omorganiserte verksemda si 1. januar 2014. Organisasjonen hadde til då vore «flat», men frå og med 2014 blei det innført ein organisasjonsstruktur med tre fagseksjonar, ein administrasjonsseksjon og ei kommunikasjonseining. Eit vesentleg argument for å gjennomføra denne omorganiseringa var å styrkja leiingsfunksjonen. Språkrådets leiargruppe består nå av direktøren og fem seksjonsleiarar. Seksjonsleiarane har personalansvar for medarbeidarane i eigen seksjon, og direktøren har personalansvar for medarbeidarane i leiargruppa. Den nye organisasjonen skulle etter planen evaluerast i andre halvdel av 2015, men blei utsett til ny direktør var på plass, og blir difor ikkje gjennomført før i 2016.

I 2014 blei det i samarbeid med Kulturdepartementet gjort ein gjennomgang av alle rutinar knytte til internkontroll i verksemda. Det kom fram at det mangla skriftlege rutinar på ein del område, og det blei starta ein prosess for å sikra ei meir heilskapleg tilnærming til skriftlege rutinar og god intern dokumentasjon. Desse manglane har det i 2015 blitt arbeidd vidare med å retta opp, men det står framleis att noko arbeid med å gje dokumenta god forankring i heile organisasjonen. Dette er eit løpende arbeid som held fram også i åra som kjem.

HMS og arbeidsmiljø

Språkrådet er omfatta av avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA), og vi arbeider kontinuerleg for å oppfylla dei overordna måla i IA-avtalen om å sikra eit godt arbeidsmiljø, styrkja jobbnærværet, førebyggja og redusera sjukefråvær og hindra utstøyting og fråfall i arbeidslivet.

Sjukefråværet i 2015 var 6,8 prosent mot 5,4 prosent i 2014. Auken er knytt til langtidsfråvær. Språkrådet er ikkje nøgd med at sjukefråværet auka med 1,4 prosentpoeng i 2015, og vi vil i tida

framover arbeida målretta med arbeidsmiljø- og inkluderingstiltak for å få ned langtidssjukefråværet og halda det på eit lågt nivå.

Språkrådet har avtale om bedriftshelseteneste med Stamina HOT.

I 2015 er det saman med arbeidstakarorganisasjonane utarbeidd nytt personalreglement for Språkrådet. Dette reglementet hadde Kommunal- og moderniseringsdepartementet nokre konkrete merknader til, og desse ligg til grunn for at vi gjer nokre mindre endringar i reglementet i 2016.

Sikkerheit og beredskap

Språkrådet leiger gjennom avtale inngått av Kulturdepartementet lokale av Entra Eiendom AS i Observatoriegata 1 b. Selskapet har ansvar for drift av bygningar, vedlikehald og adgangskontroll, og gjennomfører fleire evakueringsøvingar i året. Primært er det helsevesen og politi som har det operative ansvaret for ulukker som skjer utanfor arbeidsplassen. Bedriftshelsetenesta kan også bistå dersom det trengst krisepsykiatrisk hjelp.

Språkrådet har i 2015 inngått avtale med Norsk kulturråd om beredskapslokale. Dersom lokala i Observatoriegata 1 b av ulike grunnar (brann, vasskade eller andre årsaker) ikkje kan nyttast, har Norsk kulturråd teke på seg å stilla til rådvelde beredskapslokale for Språkrådets leiargruppe.

Språkrådets IKT-system blir drifta av selskapet Snorre Data AS gjennom ei eiga avtale. Det blir teke sikkerheitskopiar ein gong i døgeret av alle data og dokument som er lagra på Språkrådets datatenarar. Sikkerheitskopiane blir ikkje lagra i Observatoriegata 1 b.

Avtalar med eksterne fritek ikke Språkrådet frå å utvikla gode haldningar internt og kontinuerleg byggja god forståing for IKT-tryggleik og generell tryggleikskultur. Dette gjer Språkrådet mellom anna ved å leggja omfattande vekt på IKT-tryggleik i opplæringsprogram for nytilsette medarbeidarar og syta for at oppdaterte IKT-retningslinjer, instruksar og informasjon og råd om bruk av IKT-verktøy er tilgjengelege på intranettet.

Likestilling

I 2015 var kvinneandelen i Språkrådet 65 prosent. Dette er ein auke på fem prosentpoeng frå 2014. Det er ikkje vesentlege lønnskilnader mellom kjønna. Leiargruppa består av to menn og fire kvinner.

	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (%)	65	35	67	33	65	35
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (%)	69	31	67	33	69	31
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (%)	50	50	0	0	50	50
Gjennomsnittsløn (i 1000 kr)	534	500	761	711	492	465

Ytre miljø

Verksemda påvekar ikkje det ytre miljøet. Språkrådet følgjer opp handlingsplanen for miljøleiing. Dei overordna måla er god avfallssortering og -handtering, redusert energibruk, miljøvennleg transport og miljømedvitne innkjøp.

Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Språkrådet er ein etat som er avhengig av høg språkfagleg kompetanse for å kunna nå måla sine. Delar av staben vil med dei aldersgrensene som gjeld i dag, gå av med pensjon i løpet av dei nærmaste åra. Det er vesentleg for Språkrådets arbeid at desse kan erstattast av personar med tilsvarende høg språkfagleg kompetanse.

På kort sikt knyter det seg ei viss uro til at det ikkje lenger er eit etablert fag- og studiemiljø i namnegransking etter at Universitetet i Oslo har valt å prioritera ned dette forskingsfeltet. Det same gjeld fagmiljøet i leksikografi. Universitetet i Bergen skal etter planen frå 2016 ta over ansvaret for drift og utvikling av språk- og stadnamnsamlingane, men det vil ta tid å byggja opp fagmiljø som svarer til dei som frå årsskiftet 2015–16 blei formelt lagde ned ved UiO. Språkrådet har ikkje det faglege ansvaret for arbeidet til stadnamnkonsulenttenesta, men medarbeidarane i stadnamntenesta blir rekrutterte av Språkrådet. Når studiet i namnegransking ikkje lenger er i fagporteføljen til utdanningsinstitusjonane, blir det i framtida vanskelegare å rekruttera gode kandidatar til stadnamntenesta.

Språkrådet vil i åra som kjem, leggja vekt på ei vidare modernisering av verksemda. Det er eit mål å nå fleire med rådgjevingstenestene våre, gjennom å få meir av verksemda retta inn mot ein-til-mange-rådgjeving og publisering og tilgjengeleggjering av saker på Språkrådets nettsider. Vi ønskjer også å arbeida fram gode e-læringsopplegg i nynorsk, vi ønskjer å effektivisera kompetanseprøvane våre i bokmål og nynorsk, og vi ønskjer å utvika ein app-versjon av handordbøkene *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*. Vi ønskjer også å arbeida endå meir med utvikling av god språktekhnologi til bruk i utvikling av framtidsretta tiltak både i skule, helsevesen, pleie og omsorg og på andre relevante felt.

Språkrådet har mange oppgåver som er svært viktige for heile det norske samfunnet. Språket vårt er ein infrastruktur som er særskilt viktig for samfunnet, og eit godt, tydeleg og tilgjengeleg språk vil både fremja god læring, meir demokrati og høve til auka medverknad for alle. Eit godt og klart fagspråk er ikkje minst òg ein viktig reiskap i god og effektiv krise- og katastrofehandtering. Språkrådet ønskjer i dei kommande åra å formidla at språket er ein avgjerande føresetnad for eit godt, effektivt og velfungerande samfunn, og vi vil visa endå tydlegare att som aktør på viktige samfunnssfelt. På denne måten vil Språkrådet levera bidraga våre til utvikling av det norske samfunnet på vesentlege område.

Del VI: Årsrekneskapen

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet og er gjeven i samsvar med retningslinjer for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og Kulturdepartementets instruks til Språkrådet om økonomi- og verksemddsstyring.

Vurdering av vesentlege tilhøve

Budsjettet for 2015 var på kr 32 980 000.

Lønsutgiftene inklusiv arbeidsgjevaravgift var kr 25 591 281. Dette representerte ein auke frå 2014 på kr 2 036 287 eller 8,6 prosent. Lønsrefusjonane auka med kr 748 106, slik at den reelle lønsauken var på kr 1 288 181, eller 5,5 prosent. Dette har samanheng med at Språkrådet i 2015 hadde sitt første år med full utteljing av den løns- og stillingsauken som kom med omorganiseringa av organisasjonen i 2014. I tillegg har det i perioden vore naudsynt å få styrkt den administrative funksjonen i sekretariatet, for å få på plass betre rutinar og for å få betre støtte til gjennomføring av Språkrådets oppgåver. Utgiftene til varer og tenester var kr 11 093 572, ein reduksjon på kr 1 383 816 eller 11,1 prosent samanlikna med året før. Refusjon av foreldrepengar og refusjon av sjukepengar, og dessutan refusjon av løn frå høvesvis KUD og UiO var på kr 2 016 759.

Inntektene i 2015 var på kr 76 475. Desse kjem primært frå refusjonar av reise- og oppholdsutgifter når medarbeidarar er ute og held språkkurs til statlege verksemder.

Samla gav dette eit rekneskapsunderskott på kr 375 606.

Språkrådet fekk i 2015 ekstra tilskott for å utføra ei todelt undersøking av norsk språk i næringslivet. Berre del 1 av undersøkinga var ferdig gjennomført og betalt for i 2015, og det stod difor att kr 65 000 av denne løyvinga ved årsskiftet.

På Kulturdepartementets post 78 «Ymse tiltak» blei det løyvd kr 1 335 000 til prosjekt for innsamling og registrering av stadnamn. Språkrådet forvaltar denne tilskottsordninga og delte i 2015 ut kr 1 200 000 til 10 tiltak.

Oslo, 3.5.16


Guri Melby

styreleiar


Åse Wetås

direktør

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Språkrådet er utarbeidd og følgjer «Bestemmelsene om økonomistyring i staten».

Oppstillinga av bevilningsrapporteringa inneheld ein øvre del med bevilningsrapportering og ein nedre del som viser behaldninga til Språkrådet i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoer som inngår i mellomrekning med statskassa.

Oppstillinga av bevilningsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmlsa punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- b) Utgifter og inntekter er førde i rekneskapen med brutto beløp
- c) Rekneskapen er utarbeida etter kontantprinsippet

Rekneskapen følgjer kalenderåret.

Oppstillinga av bevilnings- og artskontorrapportering er utarbeide etter dei same prinsippa. Prinsippa følgjer bestemmlsa punkt 3.5 om korleis ein skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlina «Netto rapportert til bevilningsregnskapet» er lik i begge oppstillingane.

Språkrådet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs bank

Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2015	Merutgift(-) og mindreutgift
0326	Driftsutgifter	✓ 01	Driftsutgifter		32 980 000	33 174 071	-194 071
0326	Ymse tiltak	✓ 78	Tilskudd		1 335 000	1 223 623	111 377
0320	Forskning og utredning	✓ 21	Spesielle driftsutgifter		450 000	270 400	
1633	Nettoordning for mva i staten	✓ 01	Driftsutgifter			1 121 968	
Sum utgiftsført					34 765 000	35 790 062	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merbunntekt og mindreinntekt(-)
3326	Ymse inntekter	✓ 01	Driftsinntekter		258 000	76 465	-181 535
5309	Tilfeldige inntekter	✓ 29	Ymse			53 764	
5700	Arbeidsgiveravgift	✓ 72	Arbeidsgiveravgift			2 906 680	
Sum inntektført					258 000	3 036 909	
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet							32 753 153
Kapitalkontoer							
60057501	Norges Bank KK/sinnbetalingar					2 287 168	
60057502	Norges Bank KK/utbetalingar					-35 172 905	
703814	Endring i mellomværende med statskassen					132 584	
Sum rapportert							0
Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)							
Konto	Tekst				2015	2014	Endring
6260	Aksjer				0	0	0
0	Mellomværende med statskassen				.948 119	-1 080 703	132 584

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
032601	781 000	32 199 000	32 980 000
032021	0	450 000	450 000
032678	0	1 335 000	1 335 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overført beløp

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-) og mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter	Merutgift(-) og mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merkante mindreinntekter (-) iht merinntektsfullmakter	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overført beløp	Mulig overført beløp beregnet av virksomheten
032601	Overforbruk	-194 071	-194 071	-181 535				-375 606		0
032021	Underforbruk	179 600	179 600	0				179 600		179 600
xxx21			0					0		
xxx45			0					0		
xxx45			0					0		
xxx70			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
xxx75			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter
Språkrådet har mottatt en belastningsfullmakt på kr 450 000 på kapittel 0320/post 21 fra KUD

Mulig overført beløp
Språkrådet søker om å få overført den ubrukte delen, kr 179 600, av bevilgningen for 2015 til 2016.

Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

	Note	2015	2014
Driftsinntekter rapportert til bevilningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salg- og leieinntekter	1	76 465	904 988
Andre innbetalinger	1	0	0
Sum innbetalinger fra drift		76 465	904 988
Driftsutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	23 574 522	22 286 341
Andre utbetalinger til drift	3	11 093 572	12 474 263
Sum utbetalinger til drift		34 668 094	34 760 603
Netto rapporterte driftsutgifter		34 591 629	33 855 615
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	0	3 125
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
Sum investerings- og finansutgifter		0	3 125
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		0	3 125
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsförvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader		0	0
Sum tilskuddsförvaltning og andre overføringer fra staten		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		53 764	47 785
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		2 906 680	2 752 772
Nettoforsøringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		-1 121 968	0
Sum rapporterte utgifter på felleskapitler		1 838 476	2 800 557
Netto rapportert til bevilningsregnskapet		32 753 153	31 058 183
Oversikt over mellomværende med statskassen **			
Eiendeler og gjeld		2015	2014
Fordringer		35 000	38 385
Kasse		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrek		-964 997	-1 149 729
Skyldige offentlige avgifter		-21 620	0
Annen gjeld		3 498	30 641
Sum mellomværende med statskassen	8	-948 119	-1 080 703

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Byggesaksgebyr	0	0
Tilsynsavgift etsikkerhet	0	0
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
<i>Sum innbetalinger fra gebyrer</i>	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
<i>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>	0	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Inntekter fra undervisningsoppdrag	76 465	904 988
<i>Sum salgs- og leieinnbetalinger</i>	76 465	904 988
<i>Andre innbetalinger</i>		
<i>Sum andre innbetalinger</i>	0	0
Sum innbetalinger fra drift	76 465	904 988

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2015	31.12.2014
Lønn	20 997 990	18 851 573
Arbeidsgiveravgift	2 906 680	2 752 772
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenger og andre refusjoner(-)	-2 016 759	-1 268 653
Andre ytelser	1 686 611	1 950 649
Sum utbetalinger til lønn	23 574 522	22 286 341
* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.		
Antall årsverk:	35,5	32,0

"Andre ytelser" omfattar mellom anna honorar til styret, fagråda og Klagenemnda for stadnamn.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2015	31.12.2014
Husleie	2 568 540	2 364 318
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	10 159	6 179
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	117 795	143 048
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	0	0
Mindre utstyrsanskaffelser	512 350	414 247
Leie av maskiner, inventar og lignende	0	0
Kjøp av fremmede tjenester	3 855 679	4 478 460
Reiser og diett	1 092 818	1 159 832
Øvrige driftsutgifter	2 936 231	3 908 179
Sum andre utbetalinger til drift	11 093 572	12 474 263

Note: Kr 1 223 623 som skulle vært ført på tilskotsordninga for stadnam, er ved ein feil kontert som andre utbetalinger til drift.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Innmaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	0	3 125
Sum utbetalt til investeringer	0	3 125

Utbetaling til kjøp av aksjer

	31.12.2015	31.12.2014
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetalt til kjøp av aksjer	0	0

I samband med ei ombygging av lokala i Observatoriegata 1 B er det kjøpt møbler og inventar for kr 224 000. Denne investeringa er ved ein inkurie ført som driftsutgifter.

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2015	31.12.2014
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2015	31.12.2014
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0
Tilskot til kartlegging og registrering av stadnamn skulle vore ført her, men jf. note 3 med kommentar.		

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2015 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	31.12.2015 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	51 875	0	51 875
Andre fordringer	35 000	35 000	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	86 875	35 000	51 875
Langsiktig gjeld			
Annen langсiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-824 583	0	-824 583
Skyldig skattetrekk	-964 997	-964 997	0
Skyldige offentlige avgifter	-21 620	-21 620	0
Annen kortsiktig gjeld	3 498	3 498	0
Sum	-1 807 702	-983 119	-824 583
Sum	-1 720 827	-948 119	-772 708

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

Aksjer	Ervervesdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap
Balanseført verdi 31.12.2015							0

Vedlegg 1

Endringar i bøyninga av s-verb i bokmål

- 1) S-verb som har tilknytning til grunnverb med bøyning v2 (preteritum på *-te*) eller v3 (preteritum på *-de*), skal ha perfektum partisipp på henholdsvis *-tes* og *-des*. I tråd med dette skal bøyninga av de følgende verbene være slik:

å blyges – *har blygdes* (før: har blyges)
å enes – *har entes* (før: har enes)
å forfares – *har forfartes* (før: har forfares)
å fødes – *har fødtes* (før: unormert)
å gjenfødes – *har gjenfødtes* (før: har gjenfødes)
å høres – *har hørtes* (før: har høres)
å kalles – *har kaltes* (før: har kalles)
å kives – *har kivdes* (før: har kives)
å leies – *har leides* (før: har leies)
å lenges – *har lengtes* (før: har lenges)
å nøyes – *har nøydes* (før: har nøyes)
å oppleves – *har opplevdes* (før: har oppleves)
å skyldes – *har skyldtes* (før: har skyldes)
å spørres – *har spurtes* (før: har spurt)
å stygges – *har stygdes* (før: har stygges)
å tekkes – *har tektes* (før: har tekkes)
å times – *har timtes* (før: har times)
å tykkes – *har tyktes* (før: har tykkes)
å vederfares – *har vederfartes* (før: har vederfares/har vederfart)

- 2) Verbet å *gremmes* normeres med følgende bøyning:

å *gremmes* – *gremmes* – *gremtes* – *har gremtes* (før: unormert)

- 3) Verbene å *lykkes* og å *mislykkes* får i perfektum partisipp formene *lykkes* og *mislykkes* ved siden av de nåværende formene:

å *lykkes* – *har lykkes* / *har lyktes* (før: har lyktes)
å *mislykkes* – *har mislykkes* / *har mislyktes* (før: har mislyktes)

- 4) Bøyninga av verbene å *ferdes*, å *ryktes* og å *undres* endres slik at formene *ferdes*, *ryktes* og *undres* i preteritum fjernes. Dermed blir formene *ferdedes*, *ryktedes* og *undredes* stående som eneformer.

- 5) Bøyninga av verbet å *nebbes* endres slik at preteritum *nebbes* går ut og erstattes av formen *nebbedes*.

- 6) Bøyninga av verbet *å flokkes* endres slik at formen *flokkedes* i preteritum fjernes. Dermed blir formen *floktes* stående som eneform.
- 7) De to tidligere unormerte verbene *å samles* og *å snakkes* får slik bøyning:
å samles – samles – samledes – har samles
å snakkes – snakkes – snaktes – har snakkes
- 8) Bøyninga av verbet *å finnes* endres slik at preteritumsformen *fans* fjernes. Dermed blir formen *fantes* stående som eneform i preteritum.
- 9) Bøyninga av verbet *å omgås* endres slik at preteritumsformen *omgiks* fjernes. Dermed blir formen *omgikkes* stående som eneform i preteritum.
- 10) Verbet *å gjørs* normeres med følgende bøyning:
å gjørs – gjørs – gjors – har gjors (før: bare infinitiv *å gjørs*)
- 11) Bøyninga av verbet *å nevetakes* endres slik at preteritumsformen *nevetoks* fjernes. Dermed blir formen *nevetokes* stående som eneform i preteritum.
- 12) Verbet *å nevetas* normeres med følgende bøyning: *å nevetas – nevetas – nevetoks – har nevetakes*.
- 13) Verbet *å handtakes / håndtakes* normeres med følgende bøyning: *å hand- / håndtakes – hand- / håndtakes – hand- / håndtokes – har hand- / håndtakes*.
- 14) Verbet *å handtas / håndtas* normeres med følgende bøyning: *å hand- / handtas – hand- / håndtas – hand- / håndtoks – har hand- / håndtakes*.
- 15) Bøyninga av verbet *å treffes* endres slik at perfektum partisipp (*har*) *truffes* fjernes. Dermed blir formen (*har*) *treftes* stående som eneform i perfektum partisipp.

